



Medlemer og varamedlemer

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2404 - 17/13446

Saksbehandlar:

Arne Johannes Riisnes

Arne.Risnes@lindas.kommune.no

Dato:

10.05.2017

Møtebok frå møte i FAU 09.05.17

Desse møtte:

Hege Thunes Agdal, Vibeke Hellan Hindenes, Camilla Sellevold, Gunn-Helen Sture og Arne Riisnes.

Meldt forfall:

Eirin E. Sandvik, Jostein Stemland (vara), Ronny Fjellanger og Kathrine G. Namdal (vara).
Solfrid Marie Hindenes var tilstades under sak 29 / 2016-17.

Sak 25 / 2016 – 17: Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok.

Saksførebuing: Innkallinga via sms / mail. Møtebok frå 28.03.

Framlegg til vedtak: Godkjende.

Dette skjedde i møtet: -

Vedtak: Godkjende.

Sak 26 / 2016 – 17: Kandidatar til KFU

Saksførebuing: I ein mail frå kommunleiinga Oppvekst vert det teke til orde for å på ny etablere eit kommunalt Foreldreutval (KFU). Dette skal skje til hausten og i denne omgangen er det for FAU å peike ut / velje kandidat(ar). Det er sett ein frist for dette, 01.06.17, og derfor må FAU-møtet som var sett til ultimo mai takast no. Sakspapir frå kommunen vert delt ut i møtet.

Framlegg til vedtak: FAU drøftar og oppnemner kandidatar.

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733



Dette skjedde i møtet: Sakspapira vart delte ut og kommentert. FAU drøfta saka og konkluderte med å oppnemne to personar.

Vedtak: Hege Thunes Agdal og Gunn-Helen Sture vert oppnemnde til å vere Ostereidet ungdomsskule sine representantar i Lindås KFU. Endringar i samansetjinga av FAU kan føre til at det vert valde nye representantar til KFU.

Sak 27 / 2016 – 17: Evaluering av arbeidsåret FAU

Saksførebuing: Vedlagt møteinnkallinga er det skjema for eigenvurdering av arbeidsåret. Det er meininga at FAU-medlemmene individuelt fører på sine moment. Når FAU så er samla, samtalar ein om vurderingane i gruppa og bestemmer den endelege felles vurderinga.

Framlegg til vedtak: FAU gjennomfører evalueringa og prioriterer tiltak.

Dette skjedde i møtet: FAU drøfta og evaluerte og fylte ut skjema.

Vedtak: FAU vil følgje opp sine prioriterte tiltak i året som kjem.

Sak 28 / 2016 – 17: Val av klassekontaktar.

Saksførebuing: Det er ein fordel at klassekontaktane vert valde om våren fordi FAU då vil vere operativt frå dag ein om hausten. Det er også eit behov for skulen at FAU er godt inne i sine arbeidsoppgåver. Eit fellesmøte om anten vår eller haust er derfor ein god oppstart.

Framlegg til vedtak: Foreldra syter for at det vert vald nye klassekontaktar innan 31. mai for 10.kl 2017 – 18.

Dette skjedde i møtet: FAU drøfta for og mot å velje klassekontaktar på våren.

Vedtak: Klassekontaktane for 10.kl. vert valde for 1 år på klasseforeldremøtet i jan/feb – eit halvår før funksjonstida tek til. Klassekontaktar for 8.kl. vert valde for 2 år om våren på foreldremøtet for dei nye 8.klassane i mai 2 månader før funksjonstida tek til. I overgangsperioden dette året for 10.kl. hjelper skulen til med å sende ut valskjema til foreldra i 10.kl. 2017 – 18.

Sak 29 / 2016 – 17: FAU - konto

Saksførebuing: Kontoen som er no i Postbanken kan ikkje halde fram med å vere slik. FAU kan anten

- ha ei kontaktkasse i skulen sin safe eller
- ein privat i FAU har kontoen eller
- opprette foreining / stifting som er relativt omfattande arbeid og vil føre til mykje meirarbeid ved personskifte eller
- skulen berre dekker det som er av løpande utgifter.

Det ser ut til at kontoen bør avviklast fordi dette vil vere det enklaste. Skulen kan bidra med å ta hand om pengane og utgiftene.

Framlegg til vedtak: FAU sin konto i postbanken vert avslutta og pengane (ca. 10200.-) vert overført til skulen sin diversekonto i DNB der pengane vert øyremerkte. Skulen fører ein enkel rekneskap og legg fram for FAU.

Dette skjedde i møtet: Solfrid orienterte om kva som er mogleg å gjere i saka.

Vedtak: FAU sin konto i postbanken vert avslutta og overført til skulen sin diversekonto. Skulen held oversikt over medelen og leverer rekneskap til FAU.

Sak 30 / 2016 – 17: Ymse

Saksførebuing: Det er 3 saker under ymse. Det gjeld:

- **Mot – aften i 9.kl.: Foreldredeltaking på arrangementet 11.mai 2017.**
Klassekontaktane har send mail til alle foreldra og følgjer opp med å sende SMS. Det trengs nattevakt / brannvakt og kunnskap om brannvarslingsanlegget. Skulen har informert aktuelle etatar.
- **Tilsyn ved overnattinga på bana 10.kl.**
19.06. er det tradisjonen tru forventa at elevane i 10.kl. overnattar på bana. Klassekontaktane vert bedne om å føre eit visst tilsyn med elevane og bistå dei om noko skulle verte vanskeleg. Om natta legg ein til grunn at streifvakt er tilstrekkeleg. Klassekontaktane i 10.kl. vert bedne om å organisere dette og evt. ha kontakt med natteramnane. Elevane må få beskjed (av skulen) om at høg musikk må unngåast.
- **Programmet til avslutningsfest 10.kl.**
Erfaringsmessig er musikkrommet eit ubehageleg rom til lange samankomstar på sein kveldstid høgste sommars. For å gjere avslutninga til 10.kl. så høgtidssam som vi alle ynskjer den skal vere, set rektor opp eit program som gir elevar, foreldre, lærarar og rektor

Framlegg til vedtak: FAU tek info om tiltaka til etterretning.

Dette skjedde i møtet: FAU drøfta tiltak.

Vedtak: FAU sluttar seg til rektor sine framlegg slik dei er skildra ovanfor.

Med helsing

Arne Johannes Riisnes
rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Årsevaluering FAU090517

Mottakarar:

Medlemer og varamedlemer